

Den spesielle banken på Svalbard

TEKST: GRO WOLLEBÆK / FOTO: SVALBARD GLOBAL SEED VAULT

Visste du at det er ein veldig spesiell bank på den norske øya Svalbard? Denne banken har ikkje pengar, men frø!

Banken er den største frøbanken i heile verda. Den vart opna i 2008. Her er det lagra millionar av frø frå nytteplantar som til dømes ris, mais, kveite og bomull.



Inngangsdøra til frøbanken

FAKTA

3

Består av
tre store
fjellhallar

120

Befinn seg 120 meter
inn i fjellet.
Hallen toler
jordskjelv

400

Inneheld kasser
der kvar kasse
har plass til
400 posar med frø

500

Inneheld
500 frø i kvar
aluminiumspose






Frøa kjem med fly. Så blir dei køyrde med lastebil.

Frøbanken sikrar at frøa ikkje blir øydelagde av brann, krig, flaum eller tørke. Det gjer at vi er sikra mat, medisinar og klede i framtida.

Frøbanken skal sikre at vi alltid har frø frå alle dei viktigaste nytteplantane, sånn at

dei ikkje kan bli utrydda. Til dømes vil vi jo gjerne ha kakaoplantar. Kakaobønnene, som vi kallar frøa til kakaoplanten, lagar vi sjokolade av. Ris er også viktig mat for mange menneske. No er det lagra frø frå alle typar kakaoplantar og risplantar i frøbanken på Svalbard.



Tørka frø klare for lagring i posar.



Frøa blir lagra i lufttette aluminiumposar og blir oppbevarte i rom med minus 18 grader celsius.



Åsmund Asdal jobbar i frøbanken. Han passar på at alle frø blir rett lagra.

Foto: Svalbard Global Seed Vault/Riccardo Guasco

Oppgaver

- 1 Forklar kva som gjer banken på Svalbard annleis enn andre bankar.
- 2 Nemn minst tre typar frø som blir lagra på Svalbard.
- 3 Skriv ei grunngiving for kvifor dei tre typane frø du har valt er viktige å bevare.
- 4 Kva trur du skjer dersom alle risfrøa i verda blir utrydda?
- 5 Sjekk ut biletet av frøbanken på Svalbard og teikn hovudinngangen til banken.